



Notat

Dato: 07.05.2015
Arkivsak: 2015/2358-12
Saksbehandlar: bernal

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på forslag til gjennomføring av politisk skuleval 2015

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til møte i Opplærings- og helseutvalet 17.03.2015 der Anette Netteland Dybvik sette fram følgjande forslag til nytt punkt 2 i saka om gjennomføring av politisk skuleval ved dei vidaregåande skulane hausten 2015 (saksnr. 2015/ 2358-1):

« OPHE ønskjer at Opplæringsavdelinga står for regionvis organisering av debatt og valtorg med fastsett dato og tid; dette for å hindre dei negative konsekvensane av spreidd organisering».

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Dybvik sitt forslag til nytt pkt. 2.

Status for dei politiske skulevala:

Fylkesrådmannen har no utarbeidd ein plan med aktuelle datoar og tidspunkt til skulevalkamp i vekene 35 og 36 (sjå vedlegg). Dataar og tidspunkt er fordelt regionvis, og ein har sett nøyne på reiseavstanden mellom dei einskilde skulane i regionane. Ein har vidare i størst mogleg grad prøvd å slå saman skular til felles debatt og valtorg der dette er naturleg (t.d. skulane på Voss). Skulane har og fått høve til å kome med sine ønskje om dato og tidspunkt for debatt.

Planen vart lagt fram for dei politiske ungdomspartia i eit samhandlingsmøte med Opplæringsavdelinga 20.04.2015. Representantane for partia kom med ymse innspel, og det vart gjort mindre endringar i planen etter desse.

Fylkesrådmannen viser til vedlagt plan.

Vedlegg

1 Plan for gjennomføring av politisk skuleval 2015

